

Til høyringsinstansane

REF.

VÅR REF.
11/135-1

DATO
1. februar 2011

Høyringsbrev om revisjon av nynorskrettskrivinga

Måndag 5. januar 2010 skreiv Språkrådet i ei pressemelding: «Styret i Språkrådet har oppnemnt ei rettskrivningsnemnd som skal laga ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer. (...) Målet er å etablera ei norm som gjer det lettare å vera nynorskbrukar, som er tydeleg for alle som bruker nynorsk som sidemål, og som er stabil over tid. Norma skal vera lett å bruka uavhengig av formell utdanning og språkkompetanse, heiter det i vedtaket frå styret.»

Arbeidet er ei oppfølging av St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meinings Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*, der eitt av dei prioriterte tiltaka er «å setja i gang arbeidet med å førebu ein revisjon av rettskrivingssystemet i nynorsk».

Her er nemnda sitt framlegg til ny rettskriving, og vi ber alle som har meininger om framlegget, om å levere sine innspel innan fredag 25. februar kl. 12.00. Alle innspel må vere skriftlege og helst sendast som vedlegg til e-post. Innstillinga frå nemnda ligg her: <http://www.sprakradet.no/nb-no/Toppmeny/Aktuelt/nynorsknorm/Hoyring/>.

Utgreiingane om kvart emne har fått slik struktur:

1. Status i dag
2. Framlegg til ny rettskriving
3. Normhistorikk
4. Skriftspråkleg tradisjon og praksis
5. Talemålsgrunnlag
6. Vurdering

Det er sjølv sagt høve til å kommentere alle framlegga i innstillinga, men nemnda ber særleg om synspunkt på punkta som er lista opp nedanfor:

- Berre *-leg*, ikkje *-lig* (*endeleg*, ikkje *endelig*).
- Berre *-stilling*, ikkje *-stelling* (*framstilling*, ikkje *framstelling*).



POSTADRESSE
Postboks 8107 Dep
NO-0032 OSLO

KONTORADRESSE
Observatoriegata 1 B
NO-0254 OSLO

TELEFON
+47 22 54 19 50
TELEFAKS
+47 22 54 19 51

E-POST
post@sprakradet.no

INTERNETT
www.sprakradet.no
www.språkrådet.no

- Valfri *j* i verb som *leggje/legge* og *søkje/søke* og svake hokjønnsord som *bryggje/brygge* og *enkle/enke*.
- Former med diftong blir eineformer i ord som *drøyme*, *høyre* og *køyre*. Nemnda har særleg fått innvendingar mot å stryke forma *kjøre*.
- Former som i dag har hovudform med dobbel konsonant og klammeform med enkel, skal i dei fleste tilfelle berre ha forma med dobbel konsonant i den nye rettskrivinga (*ramme*, *danne*).
- Valfri samsvarbøyning i perfektum partisipp av svake verb (*Dei er presenterte/presentert*). Obligatorisk samsvarbøyning i perfektum partisipp av sterke verb (*Dei er frosne*). Her har nemnda både fått framlegg om å stryke samsvarbøyning i sterke verb og framlegg om å innføre full samsvarbøyning også i svake verb.
- *Dykk* som subjektsform vert jamstilt med *de*. Her har nemnda også fått innspel om å velje dialektformer som *dokke(r)*, *dåkke(r)* eller *dokk*.
- I nokre høgfrekvente ord gjer nemnda framlegg om å stryke dei jamstelte formene *skole* og *mye*, saman med klammeformene *[noe(n)]* og *[bare]*. Vi har både fått kraftige innvendingar mot å stryke mykje brukte former, og samstundes fått mange oppmodingar om å stryke nettopp desse.
- Kløyvd infinitiv (*vera/tenkje*) går ut av rettskrivinga. Dette er kanskje det framleggget som har skapt mest diskusjon til no.
- I-mål (*sola [soli]* (bunden form eintal), *husa [husi]* (bunden form fleirtal)) går ut av den offisielle norma.

Målet om å sikre ei norm for heile landet, ikkje berre for dei nynorske kjerneområda, tilseier at vi burde halde på mange av tilnærningsformene, sjølv om dei er mindre brukte i skriftleg nynorsk. Nemnda har i fleire høve likevel gjort eit anna val, nemleg å vere atterhalden med å gi dei status som jamstilte former i den offisielle rettskrivinga, for å demme opp for praksisen til mange offentlege etatar og lærermiddelprodusentar med å velje dei mest bokmålsnære formene.

Vi ser fram til eit godt ordskifte og vonar på hjelp til å kome fram til den best mogelege rettskrivinga for framtida.

Høyringssvar skal sendast til nynonemnd@sprakradet.no. Alle høyringssvar blir lagde ut på nettet etter kvart som dei kjem inn.

Det blir høyringsmøte mandag 21. februar i auditoriet i Nasjonalbiblioteket i Oslo. Du kan melde deg på ved å bruke dette skjemaet:

<https://web.questback.com/sprkrdet/fdnljqw5bu/>. Påmeldingsfristen er 14. februar.

Dersom du vil halde innlegg på møtet, kryssar du av for det samtidig. Innlegget må grunngje eit skriftleg framlegg til nemnda.

Høyringsmøtet blir overført på nett-tv.

Grete Riise
(leiar)